



Bjørnafjorden kommune  
Postboks 24  
5649 EIKELANDSOSEN

Vår dato:

19.04.2021

Vår ref:

2021/1057

Dykkar dato:

19.01.2021

Dykkar ref:

21/2554

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Bjørnafjorden kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Bjørnafjorden kommunestyre har i møtet 15.12.2020, sak 164/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Bjørnafjorden kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

**Første driftsåret har vist ein utfordrande økonomi for Bjørnafjorden kommune og at kommunen ikkje hadde langsiktig balanse i drifta. Difor er det nødvending å gjennomføre fleire tiltak for reduserte utgifter eller auka inntekter frå 2021, slik det er vedteke gjennom prosjektet «Bjørnafjorden 22». For å styrke balansen i drifta er det òg viktig at lånegjelda samanlikna med driftsinntektene blir gradvis redusert. Dette har kommunen planlagt for i budsjetteringa.**

**Kommunen har samanlikna med andre kommunar ein høg fri eigenkapital i drifta. Dette sikrar ein buffer for uføresette hendingar med økonomisk konsekvens og styrkjer såleis handleevna til kommunen. Ved gjennomføring av «Bjørnafjorden 22» vil kommunen oppretthalde eller styrke den frie eigenkapitalen og ha ei handleevne som kan bidra til utvikling og fornying av kommunenesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon.**



## Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 20,2 mill. kroner, som utgjer 1 prosent av driftsinntektene. Etter at det er avsett 16,2 mill. kroner til disposisjonsfond, er det overført 4 mill. kroner (finansiering eigenkapitalinnskot KLP) til investeringsbudsjettet. Etter førebels rekneskap for 2020 har kommunen ein fri eigenkapital i drift (disp.fond – meirforbruk) på 22,5 prosent av driftsinntektene.<sup>1</sup> Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 1,119 mrd. kroner. Prognosene til KS etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 1,125 mrd. kroner, inkludert 23,8 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følge av koronapandemien.

Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert med 10 mill. kroner etter prognose frå Fiskeridirektoratet. Med årsak i mottak av færre flyktningar, er integreringstilskotet redusert med 5 mill. kroner kvart år i planperioden.

Avdrag er budsjettert etter reglane om minimumsavdrag med 119,6 mill. kroner, og utgjer 4 prosent av lånegjelda ekskl. vidare utlån av Husbanklån.

Samanlikna med revidert budsjett for 2020 er sum netto driftsramme for administrasjon og tenesteområda nominelt redusert med 21 mill., til 966 mill. kroner. Innanfor dette ligg det innsparingar på 37 mill. kroner etter prosjektet «Bjørnafjorden 22». Innsparingane fordeler seg på helse og velferd 7,7 mill., oppvekst 14,7 mill., samfunnsutvikling 8,5 mill. og stab med fellesområdet 6,2 mill. kroner. Dette er etter at sektorane har fått delvis kompensasjon for forventa prisauke i statsbudsjettet.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddelr for til saman 511,9 mill. kroner og tilskot til andre sine investeringar med 5,4 mill. kroner. Dette skal finansierast med 172,3 mill. kroner i nye lån og 191,8 frå ubrukte lånemidlar, kompensasjon meirverdiavgift 82,2 mill., tilskot 6,9 mill. og bruk av fond 64,1 mill., kroner. Av lånefinansieringa gjeld 124 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Førebelse Kostra-tal for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 3,135 mrd. kroner, som utgjer 139,7 prosent av driftsinntektene.<sup>2</sup> Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 117,2 prosent.

## Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning, at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir varetaken over tid.

---

<sup>1</sup> og <sup>2</sup> Kostra-konserntal, førebelse 2020 (inkl. kommunale føretak, IKS og interkommunale samarbeid)



I økonomiplanperioden blir driftsinntekter halde på same nivå frå 2021 til 2024, medan det er budsjettert med reduksjonar i driftsutgifter. Dette har samanheng med innsparingstiltak etter prosjektet «Bjørnafjorden 22», som samla skal gje innsparingar i administrasjon og tenesteområda med 81 mill. kroner frå og med 2022. Netto finansutgifter er lagt inn med ein auke frå 164 mill. i 2021, til 180 mill. kroner i 2024. Etter dette er netto driftsresultat i prosent for kvart år budsjettert mellom 1 og 1,2 prosent. I sum er resultatet i kroner budsjettert til 87 mill. for heile perioden. Etter finansiering av KLP-eigenkapitalinnskot med 16 mill. kroner, er resten av det budsjetterte resultatet, 71 mill. kroner, avsett til disposisjonsfond.

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmidlar for 1,038 mrd. kroner og tilskot til andre sine investeringar med 8,4 mill. kroner. Av dette skal 603 mill. bli finansiert med nye lån og 192 mill. frå ubrukte lånemidlar. Resten er finansiert gjennom momskompensasjon, tilskot og bruk av fond. Av lånebruken vedkjem 394 mill. kroner avgiftsfinanserte VA-investeringar. Avdrag (eksl. formidlingslån frå Husbanken) er budsjettert med 380 mill. kroner for heile perioden.

Langsiktig lånegjeld (eksl. formidlingslån frå Husbanken) er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 3,1 mrd. kroner.

## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Bjørnafjorden kommunestyre har i økonomireglementet vedteke å fastsetje følgjande finansielle måltal:

- Budsjettert resultatgrad (netto driftsresultat) skal vere minst 1,75 prosent.
- Budsjetterte avdrag skal minst vere 4 prosent av lånegjelda, ekskl. vidare utlån.
- 25 prosent av ordinære investeringsprosjekt skal vere finansiert med eigenkapital.

I budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala berekna etter kommunestyret sitt vedtak:

	2021	2022	2023	2024
Resultatgrad (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter)	1 %	1,2 %	1 %	1,1 %
Budsjettert avdrag i prosent av lånegjelda (eks. vidare utlån)	4 %	4 %	4 %	4 %
Eigenfinansiering i prosent av ordinære investeringsprosjekt	13,1 %	5 %	2,9 %	3,1 %

Etter vedtaket til kommunestyret er det berre målsetjinga om budsjetterte avdrag som er oppnådd i budsjetteringa.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

*Første driftsåret har vist ein utfordrande økonomi for Bjørnafjorden kommune og at kommunen ikkje hadde langsiglig balanse i drifta. Difor er det nødvending å gjennomføre fleire tiltak for reduserte utgifter eller auka inntekter frå 2021, slik det er vedteke gjennom prosjektet «Bjørnafjorden 22». Dette har òg samanheng med at det etter komunesamanslåinga må skje gevinstrealiseringar etter ei prioritering på utvalde område. Vurdert etter ei gradering om lite, moderat eller større grad av økonomisk handlingsrom ut frå resultat og måltal, har kommunen eit moderat økonomisk handlingsrom. For å styrke handlingsrommet er det viktig at lånegjelda samanlikna med driftsinntektene blir gradvis redusert. Dette har kommunen planlagt for i budsjetteringa. I tillegg til at ein større del av nye låneopptak er knytt til*



*avgiftsfinansierte investeringar, vil det bety lågare renteeksponering og i sum dermed dempe risikoen av ein renteoppgang.*

*Kommunen har samanlikna med andre kommunar ein høg fri eigenkapital i drifta. Dette sikrar ein buffer for uføresette hendingar med økonomisk konsekvens og styrkjer såleis handleevna til kommunen. Ved gjennomføring av «Bjørnafjorden 22» vil kommunen oppretthalde eller styrke den frie eigenkapitalen og ha ei handleevne som kan bidra til utvikling og fornying av kommunenesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*